

# Til Ordføraren og rådmannen i Vaksdal kommune

## Uttale frå Elevrådet v/ Stamnes skule om Oppveksttun

Me i elevrådet på Stamnes skule har fått vita at Vaksdal kommune har planar om å slå saman Stamnes barnehage og Stamnes skule til eit oppveksttun her i Sanden. Alternativet vert at barnhagetilbodet forsvinn i bygda vår og at foreldra får plass til ungane sine i Stanghelle eller Vaksdal barnehage. Det siste syns me er ein svært dårlig idé. Avstanden frå heimane til barnehagen vert for lang. Dette vert for tungvindt for foreldra. Alle barn bør få gå i ein barnehage i bygda si, meiner me i elevrådet.

Me syns det er trist at de vil leggja ned Stamnes barnehage. Sjølve barnehagen er veldig fin og ligg og i eit flott og trygt utområde. Borna kan gå til bondegardarar, skog og mark.

Dersom Stamnes barnhage må leggjast ned, er det betre å ha eit oppveksttun her i Sanden enn ikkje å ha noko tilbod for dei minste borna. Forsvinn barnehagen så trur me ikkje at unge folk vil bu her på Stamnes. Kanskje mange med små ungar vil flytte frå bygda. Det vi bli veldig trist fordi me trivst her på Stamnes og me syns me har eit godt miljø. Stamnes er ein god bygd å veksa opp i.

## Me har tenkt gjennom kva som kan vera positiv og negativt med eit oppveksttun:

### Positivt

- Me har eit godt miljø på skulen. Me vil ta godt i mot barnehageborna her på skulen.
- Me kan vise omsorg for dei små. Me kan også leika litt i lag.
- Me kan gjera ting i lag t.d: vera saman når det er rikskonsertar og andre framsyningars. Dei kan vera med oss når me arrangerer kulturtimar.
- Dei små som har eldre sysken på skulen, vil kjenna seg trygg. Kanskje dei kan reisa saman på bussen til og frå oppveksttunet ?

### Negativt

- Dersom barnehagen skal få plass inne i skulebygget slik det er no, er me redde for at det vert for liten plass både til barnehageborna og oss elevar. Me elevar treng den plassen me har til dei aktivitetane og arbeidsmåtanane me har på skulen. Me treng gymsal, finaktivitet med kjøkken når me har mat og helse og vanleg klasserom. Me treng også sløydrommet til K&H. I landskapet er småskulen og der et me lunsj. På scena og i grope samlast me når heile skulen har noko felles : Rikskonsertar, DKS sine framsyningars, kulturtimar og ikkje minst framsyningars for heile bygda. Me har ein liten gymsal som ikkje er stor nok til mange folk. Når me er 24 elevar som har gym, er gymsalen for liten. Då må me bruka scena og gropa i tillegg Dei to andre klasseromma er små og treng me når me delar oss i nokre fag. Me treng også SFO-rommet.
- Kultuskulen har også timer på dagtid når det framleis er elevar på skulen. Dei brukar eit av klasseromma.
- Noko som ikkje er så bra frå før her på Stamnes skule, er at det lytt gjennom veggane. Me er redde for at dei små borna som skal sova, vert uroa av oss elevar når me . t.d når me har

musikk og når ringjeklokka ringjer inn og ut. Når barnehageungane leikar og laga mykje lyd, kan me elevar verta forstyrra.

- Me har gamle garderobar og toalett som me trur vert vanskeleg for barnehageungane å bruka.
- Me elevar veit å passa oss for dei farlege områda ut her på skulen: Fylkesvegen og straumen. Då er me redd for dei små borna. Dei må ha eit sikkert inngjerda område med sikre leikeapparat.
- Me lurer også på korleis det skal gå når foreldra skal henta og bringa dei små borna. Det vert farleg dersom bilane skal parkera på andre sida av fylkesvegen eller dei skal køyra inn på skuleplassen. Då vert det trafikk her og me kan ikkje lengre kalla oss for ein trafikksikker skule.
- Me trur det vil bli svært dyrt å ordna til alt dette.

Etter at me har sett på både positive og negative sider ved eit oppveksttun her i Sanden, meiner me følgjande:

Skal det bli bra med eit oppveksttun, må de som bestemmer her i Vaksdal kommune gjera dette på ein slik måte at det vert eit godt læringsmiljø både inn og ute for elevane og barnehageborna.

De må berekna nok pengar til dette prosjektet i planane for oppveksttun.

Me vil behalda visjonen vår i framtida: «Stamnes skule (ev oppveksttun) skal vera ein god stad å læra og ein god stad å vera i eit trygt og stimulerande oppvekst og arbeidsmiljø»

Me meiner at det må lagast eit tilbygg som barnehageborna kan vera i, med eit inngjerda område like utanfor slik at borna kan gå trygt ut og inn. Me har ikkje så god greie på økonomi og på kva eit oppveksttun her på Stamnes vil kosta, men me trur ikkje 4 millionar kronar er nok.

Stamnes skule 15.11.16

Beste helsing

Elevrådet ved Stamnes skule

Juliya Sceglova  
Leiar-

Gabriel Shavne Bah  
- Nestleiar-

Elina Kalda  
-Medlem-

NATHAN PELTE GE NOLSEN  
-Medlem-